

ORDSKIFTE

Valfridomen i nynorsk

YTRING

I DT nr. 8/97 svarer Jan Terje Faarlund på ein komentar eg gav i DT nr. 6/97 til påstandane hans om at a) valfridomen i nynorsk er for stor (og i praksis større enn i bokmål), b) at denne variasjonen gjer nynorsk vanskeleg å lære, og c) at dette får mange med nynorsk opplæringsmål til å gå bort frå nynorsk.

Det er altfor lettvint å komme med slike påstandar, og så lenge dei ikkje blir underbygde, styrkjer dei ein del fordomar om nynorsk. Dei minner meg noko om dei mange påstandane som i si tid kom om kor elendig nordmenn var blitt til å skrive. Da forskarar prøvde å samanlikne systematisk skrivekunna på ulike tidspunkt, var det uråd å finne grunnlag for påstandane om at ho var blitt dårlegare.

Faarlund var klok nok i første artikkelen sin til å seie ifrå at han mangla granskingsresultat for påstandane. Eg prøvde å vise til granskinger som

talar imot påstandane hans. Undersøkinga mi av språkvariasjonen i *Romsdals Budstikke* og *Bergens Tidende* var sjølv sagt tilfeldig og enkel, ho var meint som ein liten illustrasjon. Men Faarlund kjem ikkje langt med å hevde at *Romsdals Budstikke* vik språkleg av frå andre aviser som bruker nynorsk. Eg trur ikkje på det før han skaffar fram grundigare undersøkingar.

Til den vesle granskingsa mi av skrivefeil i nynorsk, kommenterer Faarlund at det er sjølv sagt at eg ikkje finn feil som kan tolkast som resultat av at studantane er forvirra av valfridomen. Den typen feil skal vere logisk umogleg av di kategoriane «bokmålspåverknad» og «dialektpåverknad» dekkjer alle tenkjelege feiltypar. Det har han neppe rett i. Men det viktige er at Faarlund her rømmer unna si plikt. Det er *han* som

påstår at den tradisjonelle valfridomen gjer nynorsken vanskeleg, og da er det han som har «bevisbøra», dvs. at han må vise at det er slik, og da må han òg sjølv finne ut korleis ein skal vise det.

Enda større er krumspiringet med å vise til problemet med at nynorsken ikkje slepp til i VG og Se og Hør. Her er vi sjølv sagt einige, studentane både les og skriv for lite nynorsk. (Det siste er viktigast.) Men det har ingenting å gjøre med utgangspunktet å Faarlund om valfridomen i nynorsk. Kunne vi få nynorsken inn i VG med å ta ut valfridomen mellom a- og e-infinitiv, skulle eg også revurdere standpunktet mitt.

Her har Faarlund rømt frå den diskusjonen han sjølv sette i gang.

Å hevde at ein enda meir straumlinjeforma nynorsk vil auke oppslutninga, er å oversjå dei mange viktige sosiale og politiske (og andre) faktorane som gjer folk interesserte i nynor-

sken og får dei til å bruke han. Skal vi forenkla mye, vil eg minne om det historiske faktumet at nynorsken fekk større oppslutting på den tida han var sterke prega av variasjon. Men eg vil ikkje påstå at det er ein direkte og enkel årsakssamanheng i dette!

Eg er einig med Benthe Kolberg Jansson (i DT 9/97) i at vi neppe får så mange fleire nynorskbrukarar med «å stramme opp skriftnormalen». Det normeringsarbeidet som gjeld klammer eller ikkje klammer i ordlista, har ikkje slike dimensjonar at vi skal rope høgt om verknadene. Likevel kan det vere små pedagogiske gevinstar å hente i ei norm som er meir konsekvent og forståeleg i oppbygnaden. Det er nyttig at Språkrådet har det for auget når det skal «forvalte norma», som er ei av dei pålagde oppgåvene. Med ei slik norm kan ein få klårare fram at nynorsken representerer talemåla i landet.

Helge Sandøy